

Guds rike i ein stovekrok

Barna flagrar frå rom til rom
i den varme gløden som strøyer
ut frå vindauga i huset på Nærbø.
Det er tidleg og tussemørk fredags-
kveld i november, og snart tid
for gudsteneste i huskyrkja.



Tekst: Heidi Hjorteland Wigestrand

Det er ei stund sidan den tunge klangen av kyrkjelokker søndag føremiddag var det einaste varselet på at kristne møttest i trua. Og på bedehusa frametter er det mørkt i vindauga fleire dagar enn før. Fellesskapet av truaande samlast like gjerne i stovene og på leikeplassane. Guds rike må bli mindre for å bli større.

I ly av heimslege vegger les den vesle huskyrkje-gruppa Bibelen, tolkar og undrar seg i lag, i staden for å få ferdigdygde andaktar serverte frå ein talarstol, medan ein kikkar inn i bakhovuda til 50-60 halvknjeningar.

I huskyrkja får alle vera med, det merkast om nokon held seg borte gong etter gong. Den som slit, blir høyrte og beden for. Og nattverden treng ikkje vera vin og kjeks servert i skinande sølv, men like gjerne ein skvett druejuice og ei sundriven kneippbrødskrive etter kveldsmaten ein tysdagskveld.

Ein surklande kaffitraktar og ein pyramideforma stabil klementinar fangar merksemda vår då me kjem inn i stova til Cecilie Sandstøl. Ei lita jente søker tilflukt i eit rosa prinsesseslott midt i stova, etter først å fått seg ein pappaklem frå Ingvar Valskår som sit i sofaen like ved. På kjøkkenet er bordet dekkta til kveldsmat til åtte små, men først skal barna samlast til ei andaktstund i ei krå av stova. Prinsessteltet blir forsiktig manøvrert ut på jenterommet. Foreldre og barn set seg i ein halvsirkel på golvet rundt Cecilie Sandstøl som har ansvaret for å dela kveldens budskap.

Trenden med små huskyrkjer har dei siste åra breidd seg både nasjonalt og internasjonalt. Men dette er heller ikkje nytt under sola, for det var omtrent slik bedehusrørsla var organisert i Norge for hundre år sidan, den gong det fanst eit bedehus på kvart nes. I dei seinare år har denne samversforma blitt oppdaga på ny, fortel pastor i Den Evangelisk Lutherske Frikirke og leiar av Dawn Norge, Øivind Augland.

Dawn Norge tilbyr både lågkyrkjelege, statskyrkjelege og frikyrkjelege forsamlingar verktoy for kyrkjelydsplanting, og bokstavane i namnet står for Discipling a whole nation.

– Relasjonar er viktigare enn institusjonar. Livet skal vitna om kva ein trur på. Det handlar ikkje om å gå på dei «rette» arrangementa, seier han. Fenomenet har

mange namn frå bedehuskyrkje, life groups, huskirke og kvardagskyrkje. Dei forsamlingane som opplever vekst i dag, er dei som greier å byggja slike små fellesskap, fortel Augland.

Han understrekar at det er langt meir kristendom blant folk der ute, enn media fangar opp. Ei heil rekke av desse huskyrkjene er nemlig ikkje registrerte nokon stad, dei lever sitt liv i det stille, i sitt nabolag, og fører ikkje noko medlemsliste, minner han om.

I stova på Nærbo spør Cecilie kven av barna som vil velja ein song.

– Benjamin?

– Simon?

«Halle-halle, halleluja

Det bob-bob-bob-bob bobler inni meg...»

På kjøkkenbenken plingar det regelmessig i ein mobil, men kyrkjelyden let seg ikkje forstyrra. Huskyrkja samlast to gonger annankvar veke. Tysdagar samlast berre dei vaksne, fredag har dei barna med.

Eit av medlemmane, Ingvar Valskår, meiner trusopp-læring av eigne barn er særst viktig i ei tid då dei ikkje får dette på skulen lenger. Ofte er ein ute under familiesamlingane. Ei bibelforteljning tek på ingen måte skade av å bli fortald på ein leikeplass eller ved eit sprakande bål i skogen, skjønner me. Etterpå kosar ein seg med pølser og tomatuppe på termos.

I Oslo møttest huskyrkjene like gjerne på pub som heime i stova. Poenget er å vera til stades og forkynna evangeliet der folk er, fortel forstandar Rune Solheim i DNA Oslo. Mange husker han som trommeslagaren i Kaizers Orchestra.

Kyrkjesamfunnet oppstod i 2007 etter at ekteparet Knut og Elisabeth Osland fekk tru for at dei skulle flytta til Grønland i Oslo. Dei opna heimen sin for å ta i mot menneske som ønska å lære og høyre om Jesus. Organisasjonen har nå fem huskyrkjer i Oslo, to i Grenland, ein i Halden og ein i Tønsberg, fortel Solheim.

– Me definerer oss som ein familie med eit oppdrag. Oppdraget er å la andre menneske få høve til å høyra det gode budskapet om Jesus. Livet føregår i kvardagen i relasjonar mellom menneske. Me er difor lite opptekne av møte.

DNA Oslo er sterkt disippelorientert og ein investerer

Torjus Valskår tek seg ein liten timeout, og kikkar på lysbileteframsyninga frå tidlegare huskyrkjetreff. Det er ti år sidan huskyrkja på Nærbo starta.



mykje i den eine for å gjera han i stand til å lære opp andre.

– Veksten vår er tufta på multiplisering, det vesle blir gonga opp, forklarar Solheim.

Medlemmane øver seg på å dele evangeliet og vitnesbyrda sine. Då blir det mindre skummelt å fortelje om trua til ein kollega ved kaffimaskina, poengterer han.

DNA har totalt rundt 70 medlemmer, 50 av desse i Oslo. Organisasjonen har ikkje noko stort forsamlingshus og brukar lite pengar på bygg og administrasjon. Rune Solheim fortel at fleire kristne organisasjonar i Norge driv etter dei same prinsippa som DNA Oslo. Han er glad for at denne grasrotørsla har fått større fotfeste.

Då andaktstunda i stova på Nærbo er over, er det tid for bordsete. Måltidet skjer på dei yngste sine premissar. Foreldra står bak og syter for at avkommet får det pålegget dei vil på skiva. Når barna er mette, får dei gå og leika.

– Me er med barna i leiken etterpå, for dette skal ikkje vera ei samling der me sit i sofaen og drikk kaffi, medan barna er på eit anna rom og leikar, forklarar Erlend Veland.

Leiken treng ikkje vera avansert, ofte held det å setja seg på golvet og vera med og leika med Duplo, fortel Ce-

«Det er fascinerande kor ulikt me kan tolka ein skriftstad.»

Erlend Veland,
huskyrkjemedlem

Huskyrkjer

- **Fleire kristne organisasjonar** i Rogaland har tatt huskyrkjer (forsamlingane kan også ha andre namn) i bruk. Her er nokre døme:
- **Normisjon:** Her kan Strand Huskirker (SH) på Jørpeland nemnast som eit døme, men også Hå, Bryne og Finøy har slike fellesskap. SH blei etablert for rundt sju år sidan og har i dag rundt 200 medlemmer. Kvar huskyrkje vel seg gjerne sitt satsingsfelt; ei arbeider med asylsøkjjarar, ei arbeider med barn.
- **Norsk Luthersk Misjonssamband:** Jørpeland Misjonsforsamling. Forsamlinga tilbyr fellessamling for alle annakvar søndag på Jørpeland Bedehus, då møtest frå 60 til 120 personar. Forsamlinga både døyper og feiar nattverd på bedehuset. Elles er arbeidet konsentrert rundt mindre fellesskap i heimane.
- **Indremisjonsforbundet:** Bedehuskirken på Bryne, som blei stifta for 15 år sidan. Kyrkjelyden er sett saman av totalt 20 huskyrkjer og tel totalt rundt 150 vaksne medlemmer, barn og unge kjem i tillegg.
- **Kristent Fellesskap:** Organisasjonen har ca 25 huskyrkjer i Norge, mellom anna i Egersund, på Rennesøy og i Randaberg. Huskirka i Randaberg har 40-50 medlemmer som samlast i heimane hjå kvarandre, cirka ein gong i veka. Kvar huskyrkje har sitt eige særpreget, alt etter medlemmane sin livssituasjon.
- **Uregistretre:** Det finst også ei heil rekke uregistrerte huskyrkjer i Rogaland. Desse høyrer ikkje til nokon stor organisasjon, dessutan fører dei ikkje medlemslister, og får difor ikkje statsstøtte som trussamfunn frå Fylkesmannen i Rogaland.
- **Det Norske Misjonsselskap:** Leiar i NMS, region Stavanger, Evy Torunn Nyvoll, seier at NMS ikkje ønskjer å danna egne huskyrkjer. Ein vil som før halda fram å arbeida inn mot statskyrkja sine eksisterande menigheter.

«Relasjonar er viktigare enn institusjonar. Livet skal vitna om kva ein trur på.»

Øivind Augland, pastor

cilie Sandstøl. Målet er å vera saman på ein uhøgtideleg måte. Det skal ikkje vera mykje styr og planlegging forbunde med det å gå i ei huskyrkje. Difor er både opplegg og mat for samlingane enkelt. Når dei vaksne møtest, tek alle med seg kvar sin pålegg-sort, så held kveldens vertskap brødmat og kaffi.

Totalt ni par med 16 barn (og to i magen) utgjer denne huskyrkja. Ho er ei av fem som soknar til Indremisjonsforbundet Nord. Annakvar søndag møtest alle til storsamling i bedehuset på Nærbo. Dei ulike huskyrkjene bytes på å arrangera desse møta, som samlar opptil 150 personar.

Desse søndagane nyttar ein gjerne høvet til å helse på folk ein var i huskyrkje med tidlegare. For å vera i huskyrkje betyr at fellesskapet er i stadig endring. Når eit husfellesskap er blitt «for stort», blir gruppa delt i to. Det er nemlig målet. Stadig vekst i det små, frå venn til venn.

Denne kvelden er berre fire vaksne og åtte barn til stades i Parkvegen på Nærbo. Ingvar forklarar at det er sjeldan det passsar på møtast for alle. Huskyrkja har vakse dei siste månadane. I fjor på denne tida var dei berre fem par med barn. På sikt vil difor huskyrkja bli delt, men førebels ventar ein litt, slik at dei nyaste medlemmene får tid til å finna sin plass i fellesskapet, forklarar Valskår.

Lene og Erlend Veland fortel at dei har opplevd tre delingar av si huskyrkje. Medlemmene kunne ikkje tenkt seg eit liv utan fellesskapet huskyrkja gir. Mange har vore vener sidan ungdomstida. Å vera i ei huskyrkje gjer at dei kjem tett inn på kvarandre.

Når dei møtest til vaksentreff om tysdagen, et dei kveldsmat saman. Deretter går dei over til ei bibeløkt. Huskyrkja følgjer ein bibelleseplan, og diskusjonane etterpå kan bli ganske så engasjerte, fortel dei.

Erlend Veland utdjupar:

– Det er fascinerande kor ulikt me kan tolka ein skriftstad. Ofte har alle sin personlege innfallsvinkel. Slik får me alle utvida horisonten vår, og kan sjå ting i eit nytt lys. Huskyrkje-gjengen tykkjer det er enklare å snakka skikkelig om ting i ei lita gruppe. Er ein mange i lag, blir det ofte meir overflatisk.

Å dela liv betyr å kunna fortelja kvarandre om opp- og nedturar, både som truande og menneske. Tillit er difor heilt grunnleggjande. Det som blir fortald i huskyrkja, blir i huskyrkja.



Ingvar Fatnes Valskår og dottera Dorthea Valskår rolsar litt rundt på loftet etter kveldsmaten. (Foto: Tommy Ellingsen)



Å eta saman er viktig for medlemmane i huskyrkja. Her ser me (nærast kjøkkenet): Dorthea Valskår i barnestol, Ingvar Fatnes Valskår, Lene Ueland, Erlend Ueland (alle ståande), Rebekka Valskår (sitjande), Cecilie Sandstøl (ståande), Torjus Valskår og Simon Ueland. På den andre sida av bordet, frå venstre: Ida Sandstøl, Benjamin Ueland, Teoline Valskår og Jonathan Ueland. (Foto: Torstein Lillevik)

Garasjen er ein super plass å vera huskyrkje i. Her ser me frå venstre: Ida Sandstøl (med huska), Erlend Ueland, Cecilie Sandstøl, Lene Ueland, Ingvar Fatnes Valskår, Torjus Valskår (med rockering), Dorthea Valskår med dukkevogna og Simon Ueland (i huska). Barna i huskyrkja er frå halvtanna år til ni år gamle.

FOTO: TOMMY ELLINGSEN



«Og så hjelper me kvarandre praktisk også. Alle mennene i huskyrkja er veldig handy.»

Cecilie Sandstøl

For at ein lettare skal våga opna seg til kvarandre om vanskelege tema, deler ein somme gonger bønøykta i to. Då ber kvinnene i lag på eit rom, og mennene på eit anna. Før ein byrjar å be, blir kvar enkelt utfordra på bønøemne, deretter ber ein høgt saman.

– Det er vanskelige tider, og dette kan gjera folk urolege. Då er det godt å ha ein stad du kan snakka om slike ting. Og så hjelper me kvarandre praktisk også. Alle mennene i huskyrkja er veldig handy, noko me damene nyt godt av når me har ulike oppussingsprosjekt på gong, fortel Cecilie.

Huskyrkja er symbolet på den utvida familien. Tanken er at heile livet skal vera ei gudsteneste. Guds rike er der dei kristne er. Og dåmen av høgtid kan like gjerne leggja seg over nattverden tysdagskvelden, som under høgmessa i katedralen. Lovsongen kan vera like ektefølt om han blir framført av sju røyster til husets halvstemte piano, som når tusen røyster rungar i store hallar.

Dei fire vaksne er samde om at smått er godt, medan det raslar i tusen små leiker på loftet. Barna blir ropte ned til tumling i Cecilie sin garasje. Barna seier amen med heile seg.